# M

KLEPP, BORE, ORRE,
FRØYLAND OG ORSTAD SOKN

2. UTGAVE
2026



For eg veit kva tankar eg har med dykk, seier
Herren, fredstankar og ikkje ulukketankar.
Eg vil gje dykk framtid og von.

Jer 29,11

# Innhald

Døypte, vigde, gravlagde /08

Det er aldri for seint å få ein ny ven /12

Rehabilitering orgel Klepp Kyrkje /16

Ord fra hjerta /26

# Dagens ord



**«Vis meg mynten som skatten betales med!» svarte Jesus. De rakte ham en denar, og han spurte: «Hvem har bildet og navnet sitt her?» «Keiseren», svarte de. Da sa han til dem: «Så gi keiseren det som tilhører keiseren, og Gud det som tilhører Gud.» (Matteus 22,19-21)**

Det er ikke mange vers i Bibelen som har blitt så misforstått og misbrukt opp gjennom historien som disse. Hva ligger det egentlig i Jesu svar?

Det Jesus vil si er at han ikke er kommet for å utfordre de politiske og militære maktene her på jorden. Hans rike er ikke av denne verden. Men den flokken som sier ja til å vandre i følge med Jesus fortsetter likevel å leve sine liv under denne verdens autoriteter – Jesu familie skal ikke være en politisk protestbevegelse.

Selv om kirken aldri direkte skal søke politisk makt, har evangeliet kirken formidler likevel i høyeste grad politisk sprengkraft! De svake skal løftes opp. Kirken må tale de undertryktes sak. Pengene skal settes i tjeneste for det gode. Det er til syvende og sist den Gud som har skapt oss som har gitt oss alle våre krefter og ressurser, og disse kaller han oss til å bruke for å bygge et samfunn i rettferdighet og fred.

Som kristne skal vi gi til fellesskapet det som hører fellesskapet til! Vi lever i dag i et demokrati som bare kan fungere om vi står sammen. Skatteunndragelser og svart arbeid er et ran fra midlene som skal være til fellesskapets beste. Gud ønsker at vi skal bidra med våre evner, penger og krefter til det beste for samfunnet. Ved å gå inn i jobber som lærere, sykepleiere, politi- og brannkonstabler kan vi hjelpe og verne om andre. Vi skal bygge og sikre verdier som tømmermenn, bønder, ingeniører og økonomer. Og, ikke minst, vi skal ta vare på hverandre som gode foreldre og besteforeldre, som sønner og døtre. Men det er én ting vi aldri må glemme midt oppe i alt dette: Ønsker vi å lytte til Jesu gode veiledning for livet, og følge i hans fotspor, da er vi først og fremst borgere av Himmelriket. Og i dette riket gjelder en annen lov enn den som finnes i samfunnet ellers, en lov Gud har åpenbart for oss gjennom sine ord i Bibelen. Dersom noe av det vi driver med på jobben, på skolen eller i andre aktiviteter, kommer i konflikt med himmelrikets lover, da må vi si nei – selv om samfunnet ellers tillater det.

Vi kristne tror at alt er skapt av Gud. Alt «hører Gud til» og er til syvende og sist underlagt ham. Gi Gud det som hører til Gud, sier Jesus. Da faller alt på sin rette plass. Det kan hende at keiseren, eller en annen myndighet, har sitt bilde på myntene, men ifølge Bibelen er alle mennesker skapt i *Guds* bilde – Gud har satt sitt eget stempel på deg og meg. Vi hører derfor til Gud mer enn vi hører til noe annet. Gi Gud det som hører Gud til; altså hele deg. Elsk Gud av hele ditt hjerte, av hele din sjel og av all din makt, og din neste som deg selv. La ingenting få komme i veien for kjærligheten!

*Ivan Fjeld*
*sokneprest i Bore*

# Nytt frå kyrkjeverja

*Tekst av Arvid Kaspersen, kyrkjeverja i Klepp*

**Gravplass Frøyland og Orstad**
Mange har nok lese i Jærbladet at det skal etablerast gravplass med urnefelt ved Frøyland og Orstad kyrkje. Det har vore stort engasjement frå lokalbefolkninga for dette, og no blir det ein realitet. Klepp kommune har gjort vedtak om å dekkje investeringa, men har samstundes bede Klepp kyrkjelege fellesråd om å avklare bruk av gravplassen for innbyggjarar frå Time kommune. Det er naturleg at alle som soknar til gravplassen, får høve til å nytte han uavhengig av kommunegrenser.

Både Frøyland og Orstad soknar til kyrkja, det vil seie innbyggjarar både frå Klepp og Time kommune. Saman med kyrkjeverja i Time førebur vi ei sak til administrasjonen i Time kommune om dette og ventar ei avklaring i løpet av året.

**Kremasjon før eller etter seremonien**
Dei siste åra har det blitt meir og meir vanleg å nytte kremasjon og urner. Dei fleste har seremoni med kiste først og avsluttar seremonien når kista blir køyrd bort. Deretter blir kremasjonen gjennomført. Sjølve nedsetjinga av urna skjer etter eit par veker, ofte med dei næraste til stades.

Det finst også ei moglegheit for å gjennomføre kremasjonen før seremonien. Då vil avdøde bli kremert kort tid etter dødsfallet, og det vil ikkje vere kiste i seremonirommet, men ei urne. Seremonien kan då avsluttast med at gravfølgjet følgjer urna heilt fram til nedsetjinga.

**Kistegraver og urnegraver**
Ei kistegrav er på 1,5 x 3 meter. Nokre stader finst desse i dobbel djupn, slik at ei grav kan nyttast til to kister, til dømes for eit ektepar. I tillegg er det mogleg å plassere inntil åtte urner i ei slik grav. Urnene blir plasserte i sirkel over den siste kista.

Vi ser no på moglegheita for å leggje til rette noko areal for urnegraver på 1,5 x 1,5 meter både på den eldre delen av gravplassen på Klepp, samt på gravplassane på Bore og Orre. Dette kan gi større fleksibilitet alle stader og ei langt betre utnytting av areala.

**Planarbeid for gravplassane**
Til slutt vil eg nemne at vi saman med Klepp kommune har starta arbeidet med å lage ein overordna langtidsplan for alle gravplassane i Klepp, samt ein verneplan for enkelte gravområde og særleg verneverdige gravminne.

**Ny festeavgift kjem i juni**
Når ei grav blir teken i bruk, er det vanlegvis ein friperiode på 20 år. Då betaler dei pårørande ikkje noko for grava. Etter 20 år må familien betale ei festeavgift. Festeavgifta dekkjer drift og vedlikehald på gravplassen etter dei første 20 åra. Festeavgifta dekkjer ikkje stell av sjølve grava, men går til å halda heile gravplassen fin og velstelt. Stell av kvar einskild grav må festaren sjølv ta hand om. Sjølve gravminnet (gravsteinen) er det òg familien som eig og har ansvar for.

Der det ikkje er dobbel djupn med plass til to kister i same grav, vel nokre å feste nabograva. Det er ingen friperiode for nabograva, og då må det betalast festeavgift frå første dag.

I Klepp har festeavgifta vore kr 250,- i sju år. Kostnadene knytte til gravplassforvaltninga, løns- og prisvekst har vore betydelege i denne perioden, og fellesrådet har sett behov for å justere avgifta. Fellesrådet bad kommunen fastsetje ny avgift, og Klepp kommunestyre har vedteke følgjande:

2026: kr 350,- per år
2027: kr 380,- per år

Frå og med 2028 skal avgifta prisjusterast årleg. Festeavgifta blir betalt for fem år om gongen. Det betyr at fakturaen vil vere på kr 1 750,- per grav i 2026. Nokre har fleire feste. Ta kontakt med gravplassforvaltninga dersom det skulle vere utfordringar med å betale festeavgifta.
Det er mogleg å flytte festeansvaret for ei grav frå ein person til ein annan, til dømes dersom de i familien ønskjer å byte på denne oppgåva. Når den som har festeansvaret døyr, må festeansvaret flyttast over til ein ny person. Det er også mogleg å slette ei grav etter friperioden på 20 år. Då blir gravminnet fjerna, og grava kan etter ei tid takast i bruk på nytt. Slike endringar må gjerast skriftleg. Les meir om dette på nettsidene våre:

www.gravplass.no/klepp eller scan QR koden nedanfor.



# Nytt fra plankomiteen

Framdriften med ferdigstillelse av kirken følger planen. Det er stor aktivitet både inne i bygget og på uteområdene.

I ungdoms salen til kirken i kjelleren på kommunehuset er det stor aktivitet med de siste installasjonene.

Galleriet med trapp og vegger med vindu er stort sett ferdig og instrumenterings arbeid og elektriske installasjoner pågår nå.

Innredning og møbler er tatt ut og er i bestilling. Kjøkken krok med innredning er under arbeid. All innredning i ungdomssalen er finansiert av stiftelsen «Klepp Nye Kyrkje» basert på dugnadsarbeid og stor innsats i menigheten.

I kirkesalen er spiler i vindusgavlene på plass. Disse skal skjerme for direkte sollys inn i salen. Her er det også pågående arbeid med elektriske installasjoner og instrumentering av lyd, lys og bilder.

Dugnadskjøkken i kommunehuset er i ferd med å ta form og installasjonene her kommer på plass etter hvert. Uteområdene med planlagte installasjoner pågår nå. Staben i kirken, sokneråd, fellesråd, stiftelsen og plankomiteen var på befaring i slutten av april og det var stor tilfredshet med det de fikk se.

Alle ser fram til høstens innspurt og ferdigstillelse og innvielse av den nye kirken og ferdigstillelse av kommunehus og storsal med alle de muligheter for aktiviteter i sentrum som dette gir.

*Leif Solberg*

# Ny kyrkje: ungdommane sin plass

Tysdag 10. mars var 42 ungdomar samla i Klepp kyrkje for å sjå video av dei splitter nye ungdomslokala i den nye kyrkja – og for å idemyldre om kva dei ønskjer skal skje i kyrkja for denne aldersgruppa. Det kom mange gode forslag, og fleire peikte på at dei aller helst ønskjer ein stad der dei berre kan vere saman – med litt god mat og ein god sofa.

Difor passar det heilt perfekt at vi frå 2027 kjem til å invitere til tacofredag éin fredag i månaden i dei nye lokala. Det er både inspirerande og motiverande å sjå alt ungdomane sjølve kjem opp med av tankar og idear. Samstundes ser vi som arbeider mykje med denne aldersgruppa, at vi treng fleire vaksne som kan vere til stades. Saman kan vi skape ein trygg arena der ungdom kan vere, vekse og verke i kyrkja.

Ofte får vi tilbakemeldingar frå unge vaksne om at tryggleiken dei vaksne gav dei i ungdomstida, gjorde at dei kjende seg frie nok til berre å vere. Saman. I kyrkja. La oss skape dette i fellesskap.

Vi håpar du vil bli med på dette viktige arbeidet.

*Menighetspedagogane Andrea og Vilde*



# Gudstenester

## Klepp kyrkje

**07.06 kl. 11.00**
Gudsteneste med dåp og nattverd. Andreas Haarr. Just Salvesen

**14.06 kl. 11.00**
Gudsteneste med dåp. Just Salvesen

**28.06 kl. 11.00**
Fellesgudsteneste for Klepp.
Dåp og nattverd. Morgan Fjelde

**19.07 kl. 11.00**
Fellesgudsteneste for Klepp.
Dåp og nattverd. Erik Rørtveit.

**16.08 kl. 11.00**
Gudsteneste med dåp. Semesterstart.
1.klassinger deltek. Just Salvesen

**23.08 kl. 11.00** NB: Gudsteneste i Kleppeloen, sammen med andre kyrkjelyder i Klepp.

**30.08 kl. 11.00**
Generasjonsgudsteneste. Presentasjon av konfirmanter. Just Salvesen

**06.09 kl. 11.00**
Gudsteneste med dåp og nattverd. Just Salvesen

**13.09 kl. 11.00**
Temagudsteneste med nattverd.
Just Salvesen

**20.09 kl. 11.00**
Gudsteneste med dåp og nattverd. Vikar

**27.09 kl. 11.00** Generasjonsgudsteneste med dåp. Hausttakkefest. 2. klassinger deltek. Just Salvesen

**Endringar kan førekoma- følg med i Jærbladet og på heimesida.**

## Bore kyrkje

**07.06 11.00**
G2-gudsteneste med dåp. Ivan Fjeld. Offer til kyrkjelydsarbeidet. Søndagsskule.

**14.06 11.00**
Familiegudsteneste på Voll stadion. Ivan Fjeld. Offer til Bore speidarane.

**05.07 11.00**
Fellesgudsteneste i Bore kyrkje med dåp og nattverd. Morgan Fjelde. Offer til KIA.

**26.07 11.00**
Fellesgudsteneste i Bore kyrkje med dåp og nattverd. Ivan Fjeld. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

**16.08 11.00**
Gudsteneste med dåp. Ivan Fjeld. Offer til kyrkjelydsarbeidet. Søndagsskule.

**23.08 11.00**
Fellesgudsteneste kl.11:00 på Jærgårdsfestivalen.

**30.08 11.00**
Familiegudsteneste med dåp. Semesteroppstart. Ivan Fjeld. Offer til misjonsprosjektet.

**06.09 11.00**
G2-gudsteneste med nattverd. Ivan Fjeld. Offer til kyrkjelydsarbeidet. Søndagsskule.

**13.09 11.00**
Gudsteneste m/konfirmantpresentasjon. Ivan Fjeld. Offer til Kirkens SOS. Søndagsskule.

**20.09 11.00**
Supersøndagsskule i Voll-hallen. Frivillige leiarar. Offer til Søndagsskulen.

**27.09 11.00**
Gudsteneste med dåp. Ivan Fjeld. Offer til menighetsarbeidet. Søndagsskule.

# Orre kyrkje

**07.06 kl.11:00**
Gudsteneste med dåp.
Offer til Åpne Dører.

**23.06 kl.19:00**
Orre gamle kyrkje
Jonsok. Dåp og nattverd.
Offer til KRIK.

**12.07 kl.11:00**
Fellesgudsteneste med dåp og nattverd. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

**29.07 kl.19:00**
Orre gamle kyrkje
Olsok. Dåp og nattverd.
Offer til Utstein Pilegrimsgard.

**02.08 kl.11:00**
Fellesgudsteneste med dåp og nattverd. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

**16.08. kl.11:00**
Skulestartsgudsteneste.
Dåp. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

**30.08 kl.11:00**
Konfirmantpresentasjon.
Dåp. Offer til Yngres.

**13.09 kl.11:00**
Gudsteneste med nattverd.
Offer til kyrkjelydsarbeidet.

**27.09 kl.11:00**
Hausttakkefest. Dåp. Offer til Laget.

# Frøyland og Orstad

**07.06**
Gudsteneste med 1.klasseklubb. Safari deltek

**14.06**
Gudsteneste med nattverd.
Forbønn for 2007 kullet.
Ein del av bønnedøgnet
Heile Norge ber!

**21.06**
Gudsteneste med dåp. Fellesgudsteneste for Klepp

**09.08**
Gudsteneste med dåp og nattverd. Fellesgudsteneste for Klepp

**16.08**
Gudsteneste med nattverd

**23.08**
Gudsteneste med nattverd

**30.08**
Gudsteneste med dåp

**13.09**
Gudsteneste med presentasjon av konfirmantane

**20.09**
Gudsteneste med nattverd

**27.09**
Gudsteneste med dåp

Gudstenestene starter kl 10:30 om ikkje anna er oppgitt.



# Kyrkjeskyss

**BORE KYRKJE**
Ring kontoret
tlf. 51 78 95 55.

**KLEPP KYRKJE**
Ring tlf. Pauline Braut;
920 35 830

# Døypte

**Klepp:**

15.02. Hugo Selvåg
Tomine Søby

22.02. Andreas Johnsen
Emilie Fundingsland
Henrik Fjølstad Lode

01.03. Maia Kristiansen
Thale Jonassen Sundbø
Tobias Rovik Granli

08.03. Nicolai Storhaug Berland
Ola Grødem Stikbakke

29.03. Matilde Bore Omlid

19.04. Lerke Gudmestad
Tonning Gudmestad
Malvin Pollestad Kvame

26.04. Noah Herigstad Sikveland
Nils Braut-Rognmo
Sven Braut-Rognmo
Theodor Tjøtta
William Gåsland Syvertsen

10.05. Amanda Hansen Steinsland
Milian Haaland Dregva
Noah Karlsen
Ella Salte Kråkenes
Tobias Salte Kråkenes
Liv Egeland
Lykke Thomassen Løvaas
Mille Mosby
Ruby Rose Damsgård Smith

12.04. Alfred Maldal Njå
Atlas Olseth
Jonas Vold Kleppa
Johanna Garborg Førsvoll
Josefine Garborg Førsvoll
Liva Nordmark
Samuel Birkedal Langheim

19.04. Samuel Eugen Nilsen

03.05. Alva Støldal Ågesen
Frida Josdal Lye
Josefine Moe
Keilah Kawamara

**Bore:**

15.02. Ella Braut
Robin Sele

22.03. Atlas Lund Byberg
Elvira Moi Tjøtta
Samuel Tengesdal Stangeland

12.04. Kasper Lund Rosseland

21.04. Sølve Windsland

03.05. Odin Lyse

**Orre:**

08.03. Eline Nygård Erga
Tor Torgersen

22.03. Johannes Horpestad

15.04. Amelia Mehry Totland Amin

**Frøyland og Orstad:**

08.03. Aslak Jakobsson
John Vagle Skeggs
Levi Rosland



# Vigde

**Klepp:**

11.04. Nora Fjelde Myrhaugen og Marius Thu Brekke

18.04. Malin Berge Kyllingstad og Gøran Håland Østensjø

**Frøyland og Orstad:**

14.03. Elin Edland og Leiv Tore Øyen

21.03. Sigrid Mikalsen og Bjørn Ingve Einervold Fuglestein

18.04. Anne Liv Krogedal og Roy Ove Tveit

# Gravlagde

**Klepp:**

25.02. Ågot Karin Sele, f. 1951

26.02. Øyvind Fuglestein, f. 1936

04.03. Karl Særheim, f. 1940

10.03. Odd Friestad, f. 1951 (bisetting)

20.03. Brynhild Kvamme, f. 1943
Ove Reidar Thorsen, f. 1950

24.03. Karleif Skjæveland, f.1954

25.03. Torunn Nese, f. 1939

08.04. Sverre Berland, f. 1925

10.04. Folke Ravndal, f. 1939
Aud Njærheim, f. 1944

15.04. Eilert Haugstad, f. 1947

16.04. Marit Nese, f. 1933

21.04. Kari Johanne Ølberg, f. 1938

28.04. Ingeborg Oftedal, f. 1929

29.04. Karly Rosseland, f. 1938
Lilly Synnøve Thu, f. 1944

12.05. Åge Høiland, f. 1953

13.05. June Olsen, f. 1979

15.05. Dagfinn Malvin Sandbekken, f. 1941

19.05 Mie (Inger Marie) Pedersen, f. 1943

20.05 Evy Marlyn Kvål, f. 1954

**Bore:**

27.02. Elfrid Bore, f. 1937

03.03. Leonora Matilde Bærheim, f. 1931

30.04. Sverre Sele f. 1964

15.05. Aslaug Grødeland, f. 1930

19.05. Knut Nerdal, f. 1954

**Orre:**

21.05 Palmer Orre, f. 1925

# Tekstane

**2. søndag i treeiningstida**
**7.juni**
Matt.3, 11-12, 2. Mos.14, 15-22, Tit.3, 4-7.

**3. søndag i treeiningstida**
**14.juni**
Luk.14, 15-24, Jes.25, 6-9, Joh.Op.19, 5-9.

**4. søndag i treeiningstida**
**21.juni**
Mark.10, 17-27, 1. Mos.25, 27-34, 2.Kor.9, 24-27

**Sankthansdagen/Jonsok**
**24.juni**
Luk.1, 5-17, Dom.13, 2-7, Dom, 13, 24-25, Hebr.11,1-2, Hebr.11, 32-34, Hebr.11, 38-40

**5. søndag i treeiningstida**
**28. Juni**
Matt.7, 15-20, Jer.23, 16-24, 1.Joh.4, 1-6

**Aposteldagen/6. søndag i treeiningstida**
**5.juli**
Luk.5, 1-11, 1.Mos.12, 1-4, Rom.1, 1-7

**7. søndag i treeiningstida**
**12.juli**
Luk.15, 1-10, 1.Mos.16,1-13, 1.Joh.4, 7-10

**8. søndag i treeiningstida**
**19.juli**
Matt.6, 19-24, 2.Mos.32, 1-4, 2.Mos.32, 30-35, 1.Joh.2, 15-17

**9. søndag i treeiningstida**
**26.juli**
Matt.11, 28-30, Hos.6, 1-3, Rom.8, 31-39

**Olavsdagen/Olsok**
**29.juli**
Joh.12, 24-26, Jer.1, 17-19, Joh.Op.12, 10-11

**10. søndag i treeiningstida**
**2.august**
Luk.5, 27-32, Sal.32, 1-11, 1.Pet.3, 8-13

**11. søndag i treeiningstida**
**9.august**
Matt.23, 37-39, Jes.64, 6- 65,2, Rom.9, 2-5, Rom.10, 1-4

**12. søndag i treeiningstida**
**16.august**
Matt.6, 24-34, Neh.9, 19-21, Hebr.13, 5-6

**13. søndag i treeiningstida**
**23.august**
Matt.25, 14-30, Sal.92, 2-6, Salm.92, 13-16, 1.Kor.12, 4-11

**Vingardssøndag/14. søndag i treeiningstida**
**30.august**
Matt.20, 1-16, Jes.27, 2-6, 1.Kor.1, 1-3

**15. søndag i treeiningstida**
**6.september**
Matt.5, 38-48, Mika 6, 6-8, Fil.1, 9-11

**16. søndag i treeiningstida**
**13.september**
Mark.7, 31-37, Sal.40, 2-6, Rom.8, 19-23

**17. søndag i treeiningstida**
**20.september**
Joh.11, 17-29, Joh.11, 30-46, Job.19, 21-27, 2.Tim.1, 7-12

## Velkommen til dåp i kyrkjene i Klepp

Foreldre til små barn/eldre barn som vil døypast, må sjølv ta kontakt med den lokale kyrkja og melda opp til dåp. **Dette kan gjerast enkelt via kyrkja si heimeside.**

**Rettar for alle døypte:**
- Som døypt får ein medlemskap i Den norske kyrkja
- Døypte blir invitert til trusopplæringsarrangement fram til 18 år
- Døypte kan konfirmerast i kyrkja
- Døypte kan vera fadder for andre
- Døypte har stemmerett ved kyrkjevalet

## Dåpskjole til utlån



Dåp har ein lang og god tradisjon i landet vårt. Mange opplever det som en fin merkedag med høgtid og fest. Vi er mange som vil hjelpe deg og familien din for å få ei god og verdig ramme rundt dåpen. Dåpen er gratis i våre kyrkjer, og vi har 2 dåpskjoler til utlån om man treng det.

Ta kontakt med Ingunn D. Aandal/Kari Haavardsholm på 51 78 95 55 for å avtale lån av kjolen.



# Tilbod for barn og unge

## Småbarn 0-5 år

| Alder | Frøyland & Orstad | Bore | Orre | Klepp |
|---|---|---|---|---|
| 0–1 år | **Babysong** (starter i haust) | **Babysong** (startar i september) | **Babysong** (startar i haust) | **Babysong** (måndag, startar i august) |
| 1–2 år | | | **Familiegudsteneste** (feb) 1-3 år | **Småbarnssong** (annankvar måndag) |
| 3 år | **Skattkistesamling** (haust 2026) | **Supersøndagsskule** (20. september) | **Familiegudsteneste** (feb) 1-3 år | **Sauesamling** (20. mai 2026) |
| 4 år | **Barnebibel** (15. og 18.okt) | **Pølsesong Barnebibel** (oktober) | **4-års samling** (nov) | **4-årsbok** (25. okt. 2026) |
| 5 år | | **Pinsebursdag** (13.juni 2026) **Bore legoklubb** (5-19 år) | **Legoklubb** (mai) | **Barabbassamling** (mars) |
| 3-5 år | **Safari kor** (4 år-4.trinn, tysd.partalsveker) | **Bore barnekor** (frå 4 år) | | **Knøttekor** (3-6 år, annankvar torsdag) |



## Barneskule 1.-4. trinn

| Trinn | Frøyland & Orstad | Bore | Orre | Klepp |
|---|---|---|---|---|
| 1 | **1.klasseklubb** (mai-juni 2026) | **Skulestartmarkering** (kommande 1.tr 14.juni) **1. klasseklubb** (vår -27) | **Dåpsskule** (april) | **Semesterstart-gudsteneste** (16. august 2026) |
| 2 | **2.klasseklubb** (sep-okt 2026) | | **Tårnagenthelg** (2.-3. trinn, mars) | **2. klasseverkstad** (27. sept 2026) |
| 3 | **Tårnagenthelg** (jan. 2027) | **Tårnagenthelg** (vår 2027) | **Tårnagenthelg** (2.-3. trinn, mars) | **Tårnagenthelg** (30.–31. mai 2026) |
| 4 | **4.klasseklubb** (jan–feb 2027) | **Etter skuletid** (nov 2026–feb 2027) | **Aktivitetsdag** (4.-5. trinn, sept) | **TweensIntro** (4. steg, 12. juni 2026) |
| 1-4 | **Safari kor** (4 år - 4.trinn, tysd.partalsveker) | **Bore barnekor** (frå 4 år og oppover) **Bore legoklubb** (5-19 år, tys.oddetal) | | **Gudstenesteverkstad** (1.-7.trinn) **Barnekor** (annnankvar tys. 1.trinn->) |

### Felles informasjon:

• Invitasjon til aktivitetane for kun eit årskull kjem når det nærmar seg (til alle som står som medlem, er registrert som trusopplæringsabonnent eller har gitt oss beskjed at dei ønsker invitasjon).

• Det kan komme endringar. Følg med på heimeside og Facebook for oppdatert informasjon. Ønsker du invitasjon, informasjon eller har du spørsmål? Ta kontakt med menighetspedagogane. Du finn kontaktinfo fremst i bladet.

### Søndagar:

**Frøyland og Orstad:** Jungelgjengen (0 år-4.steg), Agapao (5.-7.steg)
**Bore:** Sundagsskule, dansegruppe og tweensgruppe under gudstenesta.
**Klepp:** Sundagsskule (gulliv-ergjengen/Agentar/Slush)

### Invitasjon i postkassa?

**Ønskjer du at barnet ditt skal få invitasjon i posten til aktivitetar som skjer i kyrkjene?**
Barn som er døypte i Den norske kyrkja får automatisk invitasjon i postkassa. Andre barn kan òg få invitasjon i postkassa ved å registrere namn og fødselsdato via QR-koden.

NB: Er barnet allereie døpt/ medlem i Den norske kyrkja, treng de ikkje registrere dykk.

## Heimesider:

Frøyland og Orstad

Orre

Bore

Klepp

# Tweens 5.-7. trinn

| Trinn | Frøyland & Orstad | Bore | Orre | Klepp |
|---|---|---|---|---|
| 5 | | | **Aktivitetsdag** (4.-5. trinn, sept) | **Førstehjelpskveld** (nov 2026) |
| 6 | **LysVåken** (21.–22. nov 2026) | **LysVaken** (28.–29. nov 2026) | **LysVaken** (5.-6. trinn, haust) | **LysVaken** (5.–6. des 2026) |
| 7 | | **LederLab-kurs** (vår 2027) | | **Mesternes Mester** (7. juni 2026) |
| 5-7 | **F2 tweensklubb** Fredag i partalsveker. **SoulChildren kor** 5.-8.trinn, Måndag i partalsveker. | **TweensTirsdag** (annankvar tysdag) **LederLab-**samling (frå 7.tr haust/6.tr vår) **Legoklubb** (5-19 år, tys.oddetal) | | **Tweens** (Fredag i partalsveker) |

# Ungdom 8. trinn og opp

| Trinn | Frøyland & Orstad | Bore | Orre | Klepp |
|---|---|---|---|---|
| 8 | | **Newbie** (vår 2026) | **Ungdomsklubb** (annankvar fredag) | **PreKonf** (24. mars 2026), |
| 9 | **Konfirmasjon** | **Konfirmasjon** | **Konfirmasjon** | **Konfirmasjon** |
| 10 | | **KonfReunion** (vår 2026) | | **Jærgårds** 21. august 2026, **PostKonf** skuleåret 26/27 |
| VGS | **Samling 3.vgs** (juni 2026) | | | |
| 8.-3.vgs | **FOKUS** fredag i partalsveker **Soul Teens** (9.trinn - 3.vgs. mand. i oddetal) | **LederLab-**samling (haust 2026, 7.-9.trinn) | | **UANZ** (Sundag i oddetalsveker) |










# Det er aldri for seint å få ein ny ven

**Det startar med ei treningsøkt i kjellaren – og endar med latter rundt bordet. Sterk og Stødig har blitt ein fast møteplass der eldre finn både styrke, fellesskap og nye venskap.**

Unni Sirevåg Lende, som er ein av eldsjelene bak Sterk og Stødig, møter meg med eit stødig handtrykk og eit varmt smil i døra ved Frøyland og Orstad kyrkje. Den same varmen blir også deltakarane møtte med, idet dei får utdelt kvart sitt namneskilt ved inngangspartiet. Det er tydeleg at mange har vore her før, då namneskiltet deira ligg klart.

Lokalet er lyst, ope og luftig. Dei eldre er blide, trippar forventningsfullt ikledde treningstøyet sitt og med drikkeflaska i handa. Ordet om Sterk og Stødig har spreidd seg frå ven til ven, noko som har resultert i at mange menneske frå ulike stader har samla seg her i dag. Deltakarane heng frå seg yttertøyet og drøsar litt med kvarandre før dei suslar ned til det som har blitt eit treningsrom for høvet, nede i kjellaren.

På scena der står fysioterapeut Kristoffer klar til å leie økta. Han viser øvingane og forklarer undervegs for å hjelpe deltakarane. Stolane er godt spreidde utover rommet, og dei fargerike strikkane som skaper gangsperr ligg klare. Før dei set i gang, får dei i dag høyre nokre ord frå den kvardagslege og uhøgtidelege ordføraren vår, Kjetil Maudal. Ikledd ein lyseblå Manchester City-drakt med Haaland bakpå, frå si tid i fotballen, er også han klar for å sveitte litt saman med resten av gjengen.

Av omsyn til dei som har høyreapparat, er musikken i rommet på eit nivå som gjer det mogleg å høyre rettleiinga frå Kristoffer. Pulsen går sakte, men sikkert oppover, og ein kan merke at treninga blir teken seriøst, samstundes som smilet sit laust.

Etter 30 minutt med anstrenging, med nokre korte drikkepauser undervegs, trekkjer dei opp til foajeen, der lukta av ferske rundstykke møter dei. Her har fleire gode hjelparar stilt opp pålegg, egg, ost og kjeks med honning og grønsaker på ein strukturert og presentabel måte. Dei små runde borda har alle blitt friskna opp med ei gjennomsiktig, gammal og brun medisinflaske med nydelege tørka strå.

Det er tydeleg at dei som arrangerer Sterk og Stødig bryr seg. Fruktene av det er at gjestene opplever å bli verdsette her. Ingenting er gjort halvvegs. Alt er gjort i kjærleik.

No har alle fått forsynt seg, og Oddny kan få dele eit ord frå hjartet. Ho talar om Guds gode kjærleik for menneska, og formidlar det ved å trekkje fram at Gud ofra sonen sin for oss, for å øydeleggje makta til mørkret, og for at menneska igjen kunne få ein nær relasjon til Gud.

Dagens ord blir etterfølgt av ein quiz, som skaper både undring og latter rundt borda. Ei av dei spreke damene vi møter her, er Åse Njå på 93 år. Ei nerveskade i beinet stoppar ikkje henne. Augo hennar er blanke når ho fortel om Sterk og Stødig, og kor mykje det betyr for henne å ha eit slikt tilbod.

> “Når ein blir eldre, mistar ein mange, og plutseleg kjenner ein ikkje dei som bur i nærleiken like godt lenger. Me saknar dei nære og kjende, men sorga blir enklare å handtere. Livet er på ein måte meir stabilt nå – ikkje så høge toppar, men heller ikkje så djupe dalar. På godt og vondt”

Ho, og mange av dei andre, er enormt takksame for å ha eit tilbod som dette. Her blir det etablert nye venskap. I tillegg er det ein god stad å kome til, der ein kjenner seg sett, verdsett og som ein del av eit meiningsfullt fellesskap.

**Eit tilbod for fleire** Tilbodet, som har fått namnet Sterk og Stødig, blir arrangert av Frøyland og Orstad kyrkjelyd og er retta mot personar over 60 år. Samstundes er det ope for alle som har høve til å delta på dagtid. Samlingane blir haldne torsdagar i kyrkja, og består av ein halvtimes styrketrening leia av fysioterapeut, før deltakarane samlast til lunsj og eit ord for dagen.

*Tekst og foto av Birgitte Maudal Berge*


JUDITH
AARTHUN





## 22-23.august 2026

**Klepp-Kleppelunden-Rogaland**

# JÆRGÅRDS



WEST SOUL TEENS



LIND

LØRDAG



REBECCA WALDEMAR



LZ7



Neteland, Jarandsen & Søgaard

SØNDAGSSKOLENS DAG!

SØNDAG



SCAN QR-KODE FOR BILLETT:

FELLESGUDSTJENESTE OG GRATIS KONSERT
MED MARCUS JEKTEBERG I KLEPPELUNDEN

KRIK KRISTEN IDRETTSKONTAKT
Rogaland fylkeskommune
Sparebanken Norge
SKJÆRGÅRDS LIVE

## Ønskjer du nokon å snakka med?

Du er velkomen til å ta kontakt med prest og diakon for samtale.

**Sokneprest**, Just Salvesen (Klepp) - Tlf. **410 04 692**

**Sokneprest**, Ivan Fjeld (Bore) - Tlf. **948 69 841**

**Sokneprest**, Erik Rørtveit (Orre) - Tlf. **900 97 015**

**Sokneprest**, Morgan Fjelde (Frøyland og Orstad) - Tlf. **489 97 108**

**Diakonimedarbeider**, Ruth Bråtveit - Tlf. **472 59 486**

## Demenskoordinator

Har du eller ein av dine nærmeste behov for samtale, veiledning og vurdering i forhold til demenssjukdom? Klepp kommune har ein demenskoordinator som kan kontaktast

tlf. 47515265
e-post: demenskoordinator@klepp.kommune.no
(ikkje gje sensitive opplysningar i e-post)

Med vennleg helsing

Kristin Randulff
Demenskoordinator, Klepp kommune

## PILEGRIMSVANDRING
### SØNDAG 7.JUNI 2026

langs første etappe av **kystpilegrimsleia** til Trondheim

Egersund kirke til Ogna kyrkje



**VIKTIGE TIDSPUNKTER**
Ankomst tog Egersund kl.10.05
Oppmøte ved Egersund kyrkje kl.10.30
Ankomst Ogna kyrkje
**Felles avslutning i Ogna kyrkje**

DEN NORSKE KIRKE
Arrangør Egersund menighet og Jæren prosti
langsomhet - frihet - enkelhet - bekymringsløshet - stillhet - deling/felleskap - åndelighet

**Kjære lesar,**

Menighetsbladet for Bore, Føryland og Orstad, Orre og Klepp er eit fulldistribusjonsmagasin som vert delt ut gratis i alle postkassar i bygdene våre. Utgivinga av menighetsbladet er finansiert gjennom annonsørar og frivillige gåver frå lesarane våre. For å kunne halde fram med å lage og distribuere bladet til alle heimar, er vi avhengige av støtte frå dykk som set pris på arbeidet.

Dersom du ønskjer å bidra, tek vi imot både små og store gåver med stor takk.

**Tusen takk for at du støttar menighetsbladet!**

Med venleg helsing
Menighetsbladet for Bore, Føryland og Orstad, Orre og Klepp

# Pilegrimsturar 2026

---

### Vandring 2. pinsedag – 25. mai

Til gudsteneste på Krosshaug
Frå Klepp kyrkje kl. 09.30
Frå Bryne kyrkje kl. 10.00

### Vandring 7. juni

Frå Egersund til Ogna
(sjå eigen annonse)

### St. Hans-vandring – 23. juni

Kl. 17.30 frå Orre friluftshus til gudsteneste i Orre gamle kyrkje kl. 19.00. Etter gudstenesta går vi tilbake til Friluftshuset og grillar.

### Olsok-vandring – 29. juli

Kl. 16.00 frå Haarr til gudsteneste på Varhaug gamle kyrkjegard kl. 19.00.

**Merk:** Vi har endra retninga på denne vandringa og går frå Haarr, ikkje frå Obrestad som tidlegare.

---

**Følg med på Pilegrim på Jæren på Facebook for meir informasjon om turane.**



# Rehabilitering orgel Klepp kyrkje

**Orgelet i Kleppkyrkja har nyleg vore gjennom ei rehabilitering. Det har vore eit omfattande arbeid som gjorde at orgelet var ute av drift i ni veker.**

Orgelet vart bygd i 1980 av danske Jensen & Thomsen Orgelbyggeri. Konsulent for orgelet var Alf Aase, som var organist i Hinna. Orgelet hadde to manual (klaviatur) og pedal og 18 stemmer. Gjennom åra har orgelet vorte jamleg vedlikehalde, men eit større servicearbeid har ikkje vorte gjort. Eit orgel har svært mange mekaniske deler, og over tid oppstår slitasje. Dette var etter kvart svært merkbart på klepporgelet, ikkje berre for organisten, men og for tilhøyrarane – det var etter kvart ein nokså støyande mekanikk som akkompagnerte tonane frå pipene.

Pipene i seg sjølve er laga av metall eller tre. Somme av pipene er store og tunge, og dessutan laga av tinn- og blylegeringar, som gjer dei mjuke. Dette førte til at nokre av pipene kollapsa under eiga vekt, og to av pipene knakk saman så lufta ikkje lenger kunne passere. Andre vart bøygde, og somme hadde ulike andre skadar av kjende eller ukjende årsaker.

Orgelet er avhengig av luft for å kunne spele, og til det blir det ført luft frå ei vifte via belgar som syt for jamn luftstraum og passe luftmengd til kvar pipe. Men det var etter kvart ein del luftlekkasjar i orgelet som førte til ujamn luftstraum og ustabilitet i klangen. Pakningar i eit orgel er laga av skinn, og viss det blir for tørt, kan det sprekke og bli øydelagd.

Over så lang tid som 45 år, så har det samla seg enorme mengder støv inni orgelet. Dette støvet er jo vanleg husstøv, men når det legg seg i lag på eit par millimeter inni pipene, påverkar det klangen og faktisk tonehøgda. Orgelet trong altså reingjering.

I februar og mars vart arbeidet med orgelet gjennomført. Firmaet som bygde orgelet eksisterer ikkje lenger, men vart på 1990-talet kjøpt opp av det store danske firmaet Th. Frobenius & Sønner Orgelbyggeri. Dette firmaet fekk oppdraget med klepporgelet. Dei tok med seg dei øydelagde pipene, samt klaviatur og pedal til Danmark for reparasjon. Dei hadde også fått i bestilling å lage ei ny orgelstemme, samt omarbeide ei anna, og dette vart gjort der. Grunnen til dette var at bruksområdet til to av dei gamle stemmene var så lite, at dei i praksis nesten ikkje kunne nyttast.

Ein stor del av jobben med orgelet var reingjeringa. To orgelbyggjarar heldt på i ei veke med dette. Då tok dei ut samtlege piper (over 700), og støvsugde og vaska heile orgelet inni. Dei støvsugde og vaska òg alle pipene både utvendig og innvendig, og hadde med pipereinsarar i alle storleikar til dette.

Klaviatura hadde og vorte reingjort og polert på nytt, men viktigare var at dei hadde fått skifta ut dei gamle, harde filt fòringane med ny.

Mekanikken (overføringane frå klaviatur og pedal til pipeventil) vart så regulert på nytt. Over tid med små juster-



ingar over mange år, var mekanikken så ujamn at orgelet rett og slett ikkje var godt å spele på. Etter reguleringa kjennes spelearten (spelekjensla) som ny.

Luftlekkasjane vart tetta, og pipene sett inn att, og det vart laga betre opprasting (støtter) for nokre av dei større pipene som hadde kollapsa. Så vart orgelet stemt og egalisert og delvis intonert. Dette betyr at lyden frå dei einskilde pipene i ei stemme vert avstemt til kvarandre, slik at ein får ein jamn klang, men dessutan òg avstemt til dei andre stemmene, slik at dei kling godt i lag. Dette er eit tidkrevjande arbeid som krev at intonatøren arbeider seg gjennom ei og ei orgelpipe.

Etter desse ni vekene er orgelet nesten som nytt! Spelearten er god, og alle ulydar i mekanikken er borte. Orgelet er heilt stille når det ikkje lenger er luftlekkasjar, og klangen er mykje betre. Det er sjølvsagt ikkje eit nytt orgel, men orgelet kling mykje betre, jamnare og varmare. Dei to nye stemmene, Kvint 22/3’ og Ters 13/5’, kan supplere andre stemmer, som gjer at ein til saman får ei solostemme i orgelet som kallast Kornett. Dette er ein ny og vakker klang i dette orgelet som er svært anvendeleg. I tillegg har ein fått ny note- og pedalbelysning. Orgelet var svært slite, men var godt bygd, så etter rehabiliteringa er det no i svært god stand og kan tenestegjere i lang tid framover.

*Tekst av Ola Sotnakk, kantor i Klepp*
*Foto av Birgitte Maudal Berge*

**Klepp orgelet har fylgjande disposisjon:**

I Hovedverk
Principal 8’
Rørfløjte 8’
Oktav 4’
Blokfløjte 4’
Waldfløjte 2’
Mixtur IV-V
Ranket 16’
Trompet 8’
II Svelleverk
Gedakt 8’
Rørfløjte 4’
Principal 2’
*Kvint 22/3’
*Tertz 13/5’
Krumhorn 8’
Tremulant (lagar vibratoeffekt)
Pedal
Subbas 16’
Nathorn 8’
Fagot 16’
Skalmeje 4’
*Nye stemmer (tidlegare Kvint 11/3’ og Cymbel II).


Gedakt 8'
Rørfløjte 4'
Principal 2'



# Salme: 717 Kjære Gud, når eg bed

*Now, Dear Lord, as we pray,*
*take our hearts and minds far away*
*From the press of the world all around*
*To Your throne where grace does abound.*
*May our lives be transform'd by Your love,*
*May our souls be refreshed from above.*
*At this moment, let people everywhere*
*Join us now as we come to You in prayer.*

*Kjære Gud, når eg bed,*
*lat min tanke kvile i fred*
*frå alt stress i verda omkring*
*og all uro for daglege ting.*
*Lat din kjærleik få trengje seg inn,*
*slik at han kan forandre mitt sinn.*
*Lat oss alle som trur på ditt ord,*
*vera saman i bøn for vår jord.*

*Hjelp meg, Gud, til å gi*
*både pengar, arbeid og tid*
*i den tenesta der eg er sett,*
*slik at eg kan forvalte den rett.*
*Gi meg kraft til å dele mitt brød*
*med dei menneska som er i nød.*
*Hjelp meg søkje fornying og fred.*
*Høyr meg, kjære Gud, når eg bed.*

*Takk for frelse og fred*
*Når i Jesu namn eg frå be.*
*Herre lær meg den vegen å gå:*
*At eg alltid din nåde kan få.*
*Og eg veit at ein dag er eg fri*
*Som eg aldri her nede kan bli.*
*Når all vondskap og nød er forbi,*
*Evig glede og fred vil du gi.*



Ein kjend og kjær salme for mange er salmen «Kjære Gud, når eg bed». Denne korte salmeteksten på berre to vers står under kapittelet «Forvaltaransvar og ærefrykt for livet» i Norsk salmebok.

Denne plasseringa har salmen truleg fått som følgje av teksten i det andre verset. Det fyrste verset har ein ganske annan karakter, meir prega av stille ettertanke og trøyst. At dei to versa er så ulike, har likevel si forklaring.

Ralph Richard Carmichael vart fødd i 1927 i Quincy i Illinois i USA. Han arbeidde som «Minister of Music» i den evangeliske kyrkjelyden Calvary Assembly i Inglewood i California, og seinare i Temple Baptist Church i Los Angeles.

Han laga mykje musikk innan sjangeren contemporary christian music, altså moderne kristen musikk, men han skreiv og arrangerte òg verdsleg musikk. Carmichael er rekna som ein pioner innan kristenpop og gospel, og han var både tekstforfattar, komponist og arrangør.

I 1970 skreiv og tonesette han teksten «As We Come to You in Prayer».

Teksten vart omsett til norsk i 1974 av sunnmøringen Arne Jon Myskja, som òg skreiv eit nytt andrevers som han la til den opphavlege teksten.

Arne Myskja var lærar, og dessutan sekretær i KFUK/KFUM, der han hadde ansvar for Ten Sing-rørsla i åra 1978–1982. Det er Myskja sine to vers som står i Norsk salmebok.

I Sangboken finn ein dessutan eit tredje vers, men dette er skrive av ein ukjend forfattar.

*Tekst av Ola Sotnakk, kantor i Klepp*

Klepp Energi
VI LEVERER
altibox

Koinonia
BØKER, GAVER, LEKER
RINGO
M44 – Jupitervegen 2 Bryne – www.koinonia.no

Seland Optikk
interlens
SANDNES • SOLA • KLEPP

NOVA
BEGRAVELSESBYRÅ
51 61 04 00 - døgnvakt
www.novabegravelse.no
Møyfrid Hersdal og Hanne Brit Sandsmark


WIIG maskin
REP AV LANDBRUKSMASKINER
4343 ORRE - TLF. 51428100
MOB. 91150314 - 98655414


Leif Harbo Maskinstasjon
Fjogstadv. 105, 4352 Kleppe, 95031724.

Hodne Gartneri
WWW.HODNEGARTNERI.NO

Vil du annonsera her?
Kr.1500,- pr.år

bryne rør
Skulegata 9, 4340 Bryne.
Tlf. 51 77 82 00
Internett: www.bryneror.no
E-mail: post@bryneror.no

GRUDE GARTNERI
Brekkevegen 18, 4353 Klepp Stasjon. Tlf. 901 39 516

Blomsterkvasten
Tlf: 51 42 74 00. Mail: Blomsterkvasten.kleppe@gmail.com

FARSTAD catering
Tlf. 51 48 21 82

HE
Hatteland Elektriske AS
Autorisert El-installatør
Tlf. 51 42 14 40
Fax: 51 42 14 41

TVEITA GULV AS
www.tveitagulv.no
Orstadvegen 122, 4353 Klepp st.
Tlf. 990 43 333

DITT LOKALE BYGGEFIRMA
Grude Bygg driver med:
• Renovering av alle typer bygg
• Bygging av eneboliger/rekkehus, landbruksbygg, industribygg og barnehager
Bedriftsvegen 35, Klepp st.
Tlf. 51 79 98 50
Mob. 908 32 061.
post@grudebygg.no
www.grudebygg.no
GRUDE BYGG
NYBYGG • PÅBYGG • REPARASJONER

VOLL JuleTreGard
En juleopplevelse på kjøpet
www.voll-juletregard.no

Braut Planteskule
PLANTESENTER OG BLOMSTERBUTIKK
Jærveien 559, 4352 Kleppe. Tlf. 51 42 13 55

3. GENERASJON BEDEMANN
Arild Aase
Aase Begravelsesbyrå
917 59 102
Reev. 34, 4340 Bryne
24 TIMERS VAKTTELEFON

Vil du annonsera her? Kr.3000,- pr.år

MECA
KLEPP AUTO
51 78 60 60 post@kleppauto.no

Jæren REGNSKAP
Tlf: 51 78 86 50,
Block-gården, 4352 Kleppe
post@ j-regnskap.no
www.j-regnskap.no.

Vil du annonsera her?
Kr.1500,- pr.år

FARGERIKE
Lytt til erfarne fagfolk
FARGERIKE Bygg/Miljø
K.K. Kleppesvel 1, Kleppe
Tlf: 51 42 19 44
www.fargerike.no
Maling • Tapet • Tepper • Gulvbelegg

# Barnas

Gi bladet Barnas til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvane er henta frå bladet.

Bestill abonnement på **sondagsskolen.no** eller **22 08 71 00**



## Finn 5 feil

Desse to bilda er nesten heilt like. Klarar du å finne 5 feil på det eine bildet?



*Teikning: Trevor Keen*



## Labyrint

Sakkeus var ein av dei som møtte Jesus då Jesus gjekk omkring på jorda. Hjelp Sakkeus med å finne vegen gjennom treet.



*Teikningar: Asbjørn Tønnesen*

## Vits:

– Driv du med sport?
– Ja, eg speler sjakk.
– Det blir du vel ikkje sliten av!
– Jo, eg blir heilt matt.



## Hemmeleg melding til agentar

Bruk agentalfabetet for å tolke meldinga.



Det mystiske agentalfabetet:



A B C D E F G H I J K L M N O P Q R S T U V W X Y Z Æ Ø Å

## Vits:

– Mamma sa eg måtte velje mellom skulen og fotballen.
– Det var då kjipt!
– Ja, eg saknar klassen litt.

# Babysang
*for alle generasjoner*

Denne våren har babysang fått en ny dimensjon i Frøyland og Orstad kyrkje. For hva skjer om en gruppe pensjonister blir med på babysang som omsorgsfullt vertskap, ekstra hender og varme hjerter?

*Av Marita T. Gamlemshaug, daglig leder FOK*

Våren 2026 så ut til å kunne bli en vår uten babysang i Frøyland og Orstad kyrkje på grunn av vakans i den ene stillingen i stab. Men sånn ble det ikke. Det ble heller en erfaring av at når noe ser ut til å dø ut, er det plutselig plass for noe nytt å vokse frem.

Miriam Slettebø Åbrekk, som selv er hjemme med en baby, gav tilbakemelding om at hun gjerne kunne ha selve babysangsamlingene. Da Unni S. og Jon Lende meldte at de kunne se om de fikk med seg en gjeng fra Sterk og stødig til å være vertskap for babysang, ja, da var plutselig babysang en realitet også denne våren.





Mens de 22 påmeldte babyene med følge har vært på sine samlinger, har en gjeng bestående av 8 pensjonister blant annet sørget for å møte folk i døra, bake rundstykker, lage til en innbydende lunsj og tilby ekstra hender og hjerterom ved behov.

Når alle så samles rundt lunsjbordet så oppstår de møtepunktene der de som er over i besteforeldregenerasjonen bærer babyer på armen sånn at mødrene får drukket en kopp varm kaffe og spist en god lunsj, og de små babyene deler raust med smil til trygge, erfarne voksne med varme hjerter. Sakte, men sikkert oppstår noen verdifulle generasjonsmøter på en helt vanlig onsdag.

Flere av deltagerne denne våren har beskrevet babysang som et høydepunkt i uken. Uten gjengen av frivillige hadde ikke dette vært mulig. Det er lett å kjenne på takknemlighet overfor denne gjengen og for de møtepunktene de har tilrettelagt for denne våren.

Fikk du ikke med deg babysang i vår, eller har du fått baby i løpet av dette halvåret? Da blir det nye muligheter til høsten når barne- og familiepastor Benedicte Meling inviterer til en ny runde med babysang, og der vertskapsgjengen tar ansvar for å skape gode rammer rundt disse onsdagene for nok en gjeng med babyer med følge. Mer informasjon kommer etter hvert på www.fok.no. Velkommen!



JÆRHAGEN
Velkommen til
SHOPPING & OPPLEVELSER
på Jærhagen
lillt å sjå deg!

TP
ADVOKATFIRMA
Tlf: 51 97 10 00
post@tpa.no

VESTLY TRANSPORT
ALT AV METALL HENTES GRATIS

TLF: 924 58 153

Esso
Sele Servicesenter
Voll - tlf. 51 42 02 13
seleservicesenter.com

jæren sparebank

KA
KYVIK AUTO
BILSALG - KJØP - SALG - KOMMISJON

FK
Felleskjøpet
Rogaland Agder — siden 1899

J*S service
BOLIG ★ NÆRING ★ LANDBRUKSBYGG
Tlf. 51 48 84 00 - www.js-service.no

nye JÆREN KABELNETT
Lokal og best på pris

aktiv.
En del av
aktiv. jæren sparebank
Vi hjelper deg med salg av bolig
51 77 80 00 jaren@aktiv.no

Peking Garden
VI SERVERER KINESISK OG NORSK MAT
JÆRV. 563 – KLEPPE – 51 42 14 15

MØBELRINGEN®
I.BJØRNSEN

Pål Hatteland
Orreveien 301
4352 Kleppe
Tlf. 992 78 710
pal@palhatteland.no

coop
Klepp
3% kjøpeutbytte på alt du handler
coop mega
X EXTRA
Obs BYGG

Sparebanken Norge
www.spv.no
Tlf: 915 05 555

Bjelland
www.bjelland-as.no

TVEITA BYGG
Ditt hjem - vår kunnskap
E-post: albert@tveitabygg.no • Tlf. 452 53 729

dinbruktbil.no
-Kjøp -Salg
-Utleie -Kommisjon
Mail: post@dinbruktbil.no - Mob: 950 52 700

K.Bertelsen Maskin
Tlf. 917 61 633
kjartan@bertelsenmaskin.no

LIE BLIKK
KVALITET – KUNNSKAP – KREATIVITET
Orstadvegen 128 A
4353 Klepp stasjon
Mob: 975 58 731
www.lieblikk.no

M&J EKSOTISK
Internasjonale dagligvarer
Solavegen 21 • www.facebook.com/MJEksotisk

# Seniorfesten 2026

Som vanleg gjekk den av stabelen i mars. Seniorfesten er eit samarbeid mellom dei 4 kyrkjelydane i Klepp kyrkjelege fellesråd. Det blei sendt ut 170 invitasjonar til dei som fyller 80 år i løpet av 2026.

Årets taler var statsforvaltar Bent Høie. Temaet var "Korona, eldre og ensomhet". Bent Høie gav oss eit interessant innblikk om tida då han var helseminister og då Koronaepedemien slo innover landet. Litt om korleis dei jobba, måtte være på, nærast 24/7, og korleis dei måtte væra beredt på og endre reglar nærast på minuttet.



Som musikalsk innslag hadde me invitert Sangkameratane frå Ganddal. Dei gav oss eit flott musikalsk innslag med eit tydeleg bodskap om Jesus.



Ivan Fjeld, sokneprest hadde andakten, der han peika på påskebodskapen.

Må hylle dei flotte frivillige som i forkant hadde dekt bord, smurt smørbrød og samla inn gevinstar. Nokre av gevinstane vart gjeve av Coop Mega på Jærhagen, som bidrog med flotte fruktkorger, Elkjøp på Jærhagen bidrog med ein kaffitraktar. Eit flott overskot på kr.10 500,- går til sjukehuset i Ngaoundéré, lønn til fødselslege. Eli Mæland hadde laga seks flotte blomsteroppsatsar. Dei gjorde ei fantastisk innsats under festen med å servere og ikkje minst etterpå. Festen hadde ikkje blitt det same uten dei frivillige. Det blei ein flott fest!

*Ruth Bråtveit, diakonarbeidar*





Foto Birgitte Maudal Berge

# Ord fra hjerta

**Bare Gud er Gud, og godt er det.**

I det siste har jeg vært i konflikt med min egen menneskelighet. Hvem er jeg skapt til å være? Og hva er viktigst?

Skal jeg være rolig og stabil på mandager, tålmodig og fremoverlent på tirsdager, kjærlig og barmhjertig på onsdager, lærevillig og søkende på torsdager, utadvendt og mottakende på fredager, avslappet og morsom på lørdager – og alt det hellige og rosverdige som er igjen på søndager? For sannheten er at humøret, energien, fokuset og oppgavene mine skifter rett som det er. Igjen sitter jeg med spørsmålet: Hvem er det meningen at jeg skal være? Og hvordan kan jeg best ære Gud med livet mitt?

En stor grunn til at jeg tenker mye over dette, er de vakre, men samtidig frustrerende enkle ordene Gud kommer med fra tid til annen i Bibelen. Som når han åpenbarer seg for Moses, og sier «Jeg er den jeg er» (2. Mosebok 3,14). Hvordan kan en setning romme så lite, men helt på samme tid, så mye? Hva betyr det egentlig? Og hva har det å si for meg?

Ved første øyekast kan det nesten virke som om setningen sier for lite. Som om den mangler innhold. Hvis ikke Gud forklarer hvem han er mer konkret – hvem skal da gjøre det? Er han kjærlig, rettferdig, allmektig, hellig, en hyrde, barmhjertig? Svaret er jo ja – og likevel velger han å si: «Jeg er den jeg er».

Samtidig leser jeg i 1. Korinterbrev at uten kjærlighet har jeg ingenting vunnet, og at «størst av alt er kjærligheten». Dette gir noen svar og retning for veien videre. Men det åpner også opp for nye spørsmål. For vi vet jo at livet og verden ofte rommer mer enn kun kjærligheten.

Kanskje svaret ligger nettopp her: Bare Gud er Gud – og godt er det. Han er den eneste som fullt og helt er «den han er», uavhengig av tid, sted og mennesker. Jeg er ikke kalt til å være det. Jeg er ikke kalt til å romme alt, være alt eller mestre alt. Jeg er ikke kalt til å ha alle svar.

Vi mennesker er ulike lemmer på ett legeme, med forskjellige gaver og talenter. Og slik er det ment å være. Gud forventer ikke at jeg skal bli «sant menneske og sann Gud». Han har allerede sagt hvem han er: «Jeg er den jeg er» – selveksisterende og uavhengig av alt annet. Jeg derimot får lov til å være den jeg er, fordi Gud er den han er. Vi har ulike roller med ulikt innhold og ulike oppgaver å utføre. Jeg slipper å prøve å være noe jeg ikke er. Så har kanskje livet mitt plass til både onsdagen og søndagen, med det de rommer.

Jeg skal få være meg: et menneske skapt i Guds bilde. Og når jeg tenker over det, er nettopp det en hyllest til Gud, og det aller viktigste.

*Vilde Lund Bergseth, menighetspedagog Klepp kyrkje*

# Kontaktliste

Organ for sokna i Klepp kyrkjelege fellesråd.
Kjem ut 4 gonger i året.

**Redaksjonskomité:**
Kari Haavardsholm - kontaktperson
Birgitte Maudal Berge - Layout
Arvid Kaspersen

**Framsida:**
Foto: Birgitte Maudal Berge

**Trykk**:
Olsson as

**Postadresse:**
Klepp Menighetsblad
Postboks 101
4358 Kleppe

**Telefon:** 51 78 95 55

**E-post:** menighetsblad.klepp@kirken.no
**Bankgiro: 3290.07.02239**

**Vippsnummer: 810948**

## Utgivelser i 2026

| Nr. | Stoff-frist | Utgivelse |
|---|---|---|
| 3 | 25.08 | 24.09 |
| 4 | 27.10 | 26.11 |

**Klepp, Orre og Bore kyrkjekontor**

Besøksadresse: Kleppvarden 2, 4350 Kleppe
Postadresse: Postboks 101, 4358 Kleppe
Telefon: 51 78 95 55

**Kontortider:**
Måndag til torsdag: 10.00 - 13.00
Fredag: Stengt
Elles etter avtale

NB! Alle på kyrkjekontoret har fått nye e-postadresser, sjå meir på våre nettsider.

**Tilsette kyrkjekontoret:**

| | |
|---|---|
| Kyrkjeverge, Arvid Kaspersen | 401 57 641 |
| Sekretær, Kari Haavardsholm | 992 66 752 |
| Sekretær, Ingunn D. Aandal | 924 19 934 |
| Diakoniarbeider, Ruth Bråtveit | 472 59 486 |

**Klepp sokn:**

| | |
|---|---|
| Sokneprest, Just Salvesen | 410 04 692 |
| Dagleg leiar, Hilde N. Djønne | 481 25 450 |
| Sekretær, Ingunn D. Aandal | 924 19 934 |
| Kantor, Ola Sotnakk | 996 28 182 |
| Menighetspedagog barn, Vilde Henriette Lund Bergseth | 988 96 528 |
| Menighetspedagog ungdom, Andrea Bjørkavoll-Bergseth | 414 53 395 |
| Kyrkjetenar, Ketil Terning | 900 35 471 |
| Kyrkjelydsarbeidar, Karoline Undheim | (permisjon) |
| Kari Kjestveit (vikar kyrkjelydsarbeider) | |

**Orre sokn:**

| | |
|---|---|
| Sokneprest, Erik Rørtveit | 900 97 015 |
| Menighetsped. og sekretær, Jan Erik Lerbrekk | 902 56 031 |
| Dagleg leiar, Hilde K. Eikeland | 480 36 029 |
| Organist, Arne Hadland | |
| Ungdomsarbeidar, Karl Ørbeck Dächert | 991 56 865 |

**Bore sokn:**

| | |
|---|---|
| Sokneprest, Ivan Fjeld | 948 69 841 |
| Dagleg leiar, Hilde Kalvatn Eikeland | 480 36 029 |
| Sekretær, Kari Haavardsholm | 992 66 752 |
| Organist, Elin Underhaug Kanu | 909 45 278 |
| Menighetspedagog barn, Anette Dagfinrud Thorset | 919 21 631 |
| Menighetspedagog ungdom, Birgitte Maudal Berge | 473 71 627 |
| Forbønstenesta i Bore: Andrine K. Homme | 909 76 477 |

**Frøyland og Orstad kyrkjekontor**
Besøksadresse: Orstadbakken 33, 4353 Klepp stasjon
Postadresse: Postboks 43, 4356 Kvernaland

| | |
|---|---|
| Sokneprest, Morgan Fjelde | 489 97 108 |
| Dagleg leiar, Marita Teigen Gamlemshaug | 938 37 283 |
| Menighetspedagog og musikalsk leder, Inger Lende Sandve | 918 40 797 |
| Driftsleiar, Geir Ådne Vestvik | 928 56 689 |
| Fredrik Bråttvik, barne-og familiepastor | 478 85 850 |
| Team ungdomsarbeid: | |
| Elisa Omdal | 454 60 727 |
| Samuel Njærheim | 952 27 731 |
| Benedicte Meling, barne- og familiepastor | (permisjon) |

DEN NORSKE KYRKJA